



Arkivnr: 2017/2433-8

Saksbehandlar: Marta Rongved Dixon

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		19.09.2018

Travel like the locals - Rogaland ynskjer å delta**Samandrag**

I sak til Fylkesutvalet PS195/2018 vart det gjort vedtak om eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og Sogn og Fjordane fylkeskommune om prosjektet Travel like the locals (TLTL). Det var og vedteke at Hordaland fylkeskommune løyver inntil kr 300 000 til arbeidet. Denne saka vert fremma igjen no ut frå at Rogaland fylkeskommune og ynskjer å delta i prosjektet, og vedtaket i juni i fylkesutvalet berre gjaldt Hordaland og Sogn- og Fjordane.

Etter vedtaket vårt i juni har Rogaland fylkeskommune teke kontakt for å være med på prosjektet og spleiselaget. Prosjektet vil finansiere ein koordinator med kompetanse på samferdsle som kan legge til rette tilbodet i Sogn og Fjordane, Rogaland og Hordaland, og prosjektleiing som bidreg med å samle reiselivsnæringane sitt bidrag til rundreiseforslag og klarstilling til sal av desse.

Dei tre fylkeskommunane bidreg til felles prosjektleiar som kan sikre framdrift i prosjektet, slik at Travel like the locals kan bli ein realitet så raskt som råd er med utgangspunkt i den enkelte fylkeskommunen sine løysingar for samferdsle og kollektive transportmiddel. Det er eit ynskje at ordninga Travel like the locals kan være operativ i tide for turistsesongen 2019.

Møre og Romsdal fylkeskommune har orientert om auka billettinntektene på dei definerte TLTL-rutene med kr 1.mill i 2017 og 3.mill i 2018.

Økonomi: Auke etterspørsele etter kollektivtilbodet og auke kundegrunnlaget til næringsaktørar

Klima: Auke andelen reisande som vel kollektivmiddel framfor eigen bil

Folkehelse: Ingen direkte effekt

Regional planstrategi: Spreie turiststraumen utover i distrikta

Forslag til vedtak

Hordaland fylkeskommune går inn i prosjektet «Travel like the locals» saman med fylkeskommunane i Sogn og Fjordane og Rogaland, med det føremål å få på plass tilbodet til turistsesongen 2019.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 07.09.2018

Vedtak i fylkesutvalet

I Fylkesutvalet i Hordaland blei det i juni 2018 gjort vedtak om eit samarbeid mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Hordaland fylkeskommune som tilfører ressursar slik at ordninga Travel like the locals kan bli ein realitet tidsnok til turistsesongen 2019 (PS195/2018). I etterkant har Rogaland fylkeskommune tatt kontakt med dei to andre for å bli med i dette samarbeidet.

Bakgrunn

Vestlandsrådet sin felles Reiselivssstrategi for Vestlandet peikar på «ein saumlaus vestlandsregion» og betre løysingar for samferdsle for reisande som gode tiltak for å stimulere verdiskapinga i reiselivsnæringane på Vestlandet. Møre og Romsdal har starta prosjektet Travel like the locals, og det gir mening for både næringa og dei reisande om ordninga også er i finne i resten av fjord Norge-regionen.

Det har i fleire år vore eit sterkt ynskje frå reiselivsnæringane at kollektivtrafikken kan bli betre tilpassa tilreisande gjestar. Samstundes er det gode miljø- og klimamessige grunnar til at vi ynskjer å få fleire bort frå eigen bil, og over på kollektive reiseformer. Eit aukande tal turister ynskjer også sjølv å sjå reisemålet «frå innsida» - dei ynskjer å reise som dei lokale. Det finst ei rekke punkt som kan og bør endrast for å leggje betre til rette for tilreisande. Mange av desse er kompliserte og tidkrevjande, og krev endringar som grip inn i system, materiell og tilbodsprosessar. Samstundes finst det også løysingar som er enkle å få til innafor dagens løysingar. Eitt slikt døme er tiltaket «Travel like the locals» (TLTL), som Møre og Romsdal fylkeskommune starta i 2016.

Dersom ordninga skal kunne være på plass til turistsesongen 2019, må arbeidet her starte opp så raskt som råd er hausten 2018.

Prosjektet

For å få klargjort rundreiser med kollektivtransporttilbodet i Hordaland for sal, må det gjerast ein jobb i høve til å identifisere ruter der ledig kapasitet tilseier at eit ekstra sal ikkje vil være til ulempe for lokale, studentar og pendlarar. Ein må også lage ein billett for heile rundreisa, som er basert på vanleg pris for kvar del av reisa, pluss ein provisjon til seljar. Destinasjonsselskapa i Hordaland har sagt seg villige til å ta på seg arbeidet med å identifisere rundturar som vil være særleg attraktive for turistane og lage produktpresentasjonar av turane. Salet av turane kan gjerast gjennom turistinformasjoner og destinasjonsselskap sine nettsider. Fram i Møre og Romsdal har også vald å selje turane på [eigne nettsider](#). Det er ikkje avgjerande for eit godt resultat at kollektivleverandøren også står som seljar.

Etter at fylkesutvalet i juni fatta sitt vedtak har Rogaland fylkeskommune teke kontakt med Sogn og Fjordane og Hordaland for å være med i prosjektet. Dette er i tråd med Vestlandsrådet sin felles reiselivssstrategi, som peikar på eit saumlaust Vestland som eit mål.

Alle tre fylka er pressa når det gjeld administrative ressursar på reiselivssida. SF fylke har hatt ein koordinator med kombinert samferdsle- og reiselivskompetanse tilsett i Samferdsleavdelinga, men denne personen (som kunne vore ein naturleg prosjektleiar) har sluttat. Det er ikkje venta at ein ny tilsetjing vil kunne gjerast raskt nok til at ein kan nå målet om prosjektstart for sesongen 2019 med interne eksisterande ressursar. Samstundes er Skyss oppteken med eigne oppgåver, inkl. tilrettelegging av nytt sonesystem.

Forslaget for å sikre ønska framdrift er då eit prosjekt der dei tre fylka løyver midlar til ein prosjektkoordinator og ein prosjektleiar som kan kople samferdslekompetansen på den eine sida med reiselivskompetanse i regionen på den andre sida. Sogn og Fjordane og Rogaland har indikert at dei har midlar som kan stillast til rådighet inn i eit slikt prosjekt.